

Hjelp til utfylling RA-0425

Her finn du hjelpetekstar med forklaringar. Dette dokumentet erstattar «?-ikonet» frå tidlegare skjemaversjon.

Innhold

Innhold	1
Generell informasjon	6
Om bedrifta.....	6
Næring Type verksemd	6
Talet på årsverk i rekneskapsåret	7
Har føretaket årsrekneskapsplikt etter rekneskapslova?	7
Er det brukt ein annan bokføringsvaluta enn norske kroner, jf. bokføringsforskrifta § 4-2?	7
Rekneskapsperiode	7
Varelager.....	7
Spesifikasjon	7
Bruttoforteneste på innkjøpte varar for vidareasal.....	8
Spesifikasjon	8
Driftsinntekter, resultatrekneskap	8
Generelt om resultatrekneskap og balanse	8
3000 Salsinntekt og uttak, avgiftspliktig	8
3100 Salsinntekt og uttak avgiftsfri	9
3200 Salsinntekt og uttak utanfor meirverdiavgiftslova	9
3300 Spesielle offentlege avgifter i samband med sal.....	9
3400 Offentleg tilskott/refusjon	9
3500 Endring i ikkje-opptent inntekt.....	9
3600 Leigeinntekt fast eigedom	9
3850 Verdiendringar investeringseigedommar.....	10
3870 Verdiendringar biologiske eigedelar	10
3880 Gevinst ved avgang av immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar.....	10
3885 Gevinst ved avgang av finansielle anleggsmidlar	10
3900 Anna driftsrelatert inntekt	10
Driftskostnader, resultatrekneskap	10
4005 Varekostnad	10
4295 Behaldningsendring av varer under tilverking og ferdig tilverka varer.....	11

5000 Lønn, feriepenger m.m.....	11
5300 Anna opplysningspliktig godtgjering	11
5420 Opplysningspliktig pensjonskostnad	11
5600 Arbeidsgodtgjering til eigarar i ANS m.m.	11
5900 Annan personalkostnad	12
6000 Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle egedelar	12
6050 Nedskrivning på varige driftsmidler og immaterielle egedelar	12
6695 Reparasjon og anna vedlikehald	12
6995 Elektronisk kommunikasjon, porto m.m.	12
7000 Drivstoff transportmiddel.....	12
7020 Vedlikehald m.m. transportmiddel	13
7040 Forsikring og avgifter på transportmiddel	13
7080 Bilkostnader, bruk av privat bil i næring.....	13
7099 Privat bruk av næringsbil	13
7155 Reise-/diett og bilgodtgjersle (opplysningspliktig).....	13
7490 Kontingentar.....	14
7500 Forsikringspremie	14
7565 Garanti- og servicekostnad	14
7600 Lisens, patentkostnad og royalty	14
7700 Annan kostnad	14
7830 Tap på fordringar.....	14
7880 Tap ved avgang av immaterielle eigedelar og varige driftsmidler	14
7885 Tap ved avgang av finansielle anleggsmidler	15
Finanspostar, resultatrekneskap	15
Finansinntekter.....	15
8005 Netto positiv resultatsdel i samband med invest. i DS, TS og FKV	15
8060 Valutavinst (agio)	15
8074 Gevinst ved realisasjon av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandeler	15
8079 Annan finansinntekt.....	15
8080 Verdiauke av finansielle instrument vurdert til verkeleg verdi	16
8090 Inntekt av andre investeringar/utbytte.....	16
Finanskostnader	16
8100 Verdired. av finansielle instrumenter vurdert til verkeleg verdi	16
8115 Nedskrivning av finansielle egedelar	16
8160 Valutatap (disagio)	16
8174 Tap ved realisasjon av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandeler	16

8179 Annan finanskostnad	17
Finanspostar, resultatrekneskap	17
Årsresultat.....	17
8300 Betalbar skatt.....	17
8320 Endring utsett skatt/skattefordel	17
8400 Ekstraordinær inntekt	17
8500 Ekstraordinær kostnad.....	17
8600 Betalbar skatt.....	17
8620 Endring utsett skatt/skattefordel	17
8910 Andre resultatkomponentar for IFRS-føretak.....	18
9200 Årsresultat/Totalresultat	18
Anleggsmidler, balanse.....	18
1000 Forsking og utvikling.....	18
1070 Utsett skattefordel.....	18
1080 Goodwill Saldogruppe b.....	18
1120 Fast teknisk installasjon i bygningar Saldogruppe j.....	18
1180 Investeringsseigedommar.....	19
1290 Andre driftsmiddel.....	19
1312 Investeringar i deltakarlikna dotter- og konsernselskap	19
1313 Investeringar i andre dotter- og konsernselskap	19
1331 Investeringar i deltakarlikna tilknytte selskap	20
1332 Investeringar i andre tilknytte selskap	20
1395 Netto pensjonsmiddel	20
Omløpsmidlar, balanse	20
1400 Varelager.....	20
1490 Biologiske eigedelar	20
1500 Kundefordringar, eksklusive på selskap i same konsern	21
1501 Kundefordringar på selskap i same konsern	21
1530 Opptent, ikkje fakturert driftsinntekt.....	21
1810 Marknadsbaserte aksjar og verdipapirfondspartar	21
1830 Marknadsbaserte obligasjonar, sertifikat m.m.....	21
1880 Andre finansielle instrument	21
Eigenkapital, balanse	21
Innskoten eigenkapital	22
2000 Aksjekapital/EK andre føretak.....	22
2010 Eigne aksjar (negativt beløp).....	22

Opptent egenkapital.....	22
2043 Fond for vurderingsforskjellar	22
2045 Fond for urealiserte gevinstar	22
2055 Avsett utbytte (jf. IFRS)	22
Langsiktig gjeld, balanse.....	22
2130 Derivat	23
2160 Ikkje-opptent inntekt	23
2180 Avsetningar for forpliktingar	23
Kortsiktig gjeld, balanse.....	23
2330 Derivat	23
2600 Skattetrekk og andre trekk.....	23
2800 Avsett utbytte	23
2970 Ikkje-opptent inntekt	23
2980 Avsetningar for forpliktingar	23
Prinsippendringar og korrigeringar jf. post 100B	24
Sum endringar	24
Avstemming av egenkapital.....	24
100B Prinsippendringar og korrigeringar	24
102A Avsett utbytte for 2023 for føretak som brukar norsk rekneskapslovgjeving, eller forventa utbytte oppgjeve i notane i årsrekneskapen for 2022 som vart utdelt i 2023 for IFRS-føretak..	24
103 Motteke konsernbidrag	24
104 Ytt konsernbidrag	24
106 Tingsinnskot	24
107 Nedsetjing av aksjekapital og utdeling av overkurs – kontantar	25
110 Gjeldsettergjeving	25
111 Kjøp av egne aksjar	25
112 Sal av egne aksjar	25
114 Gjeld konvertert til aksjekapital	25
115 Skilnaden mellom avsett/forventa utbytte ved årsoppgjeret i 2022 og utdelt utbytte i 2023	25
116 Andre endringar.....	26
Andre opplysningar.....	26
207 Skattemessig innbetalt aksjekapital medrekna overkurs	26
Spesifisering av privatkonto for enkeltpersonføretak og deltakerlikna selskap	26
Enkeltpersonføretak og deltakerlikna selskap, avstemming av egenkapital	26
300 Egenkapital 31.12 førre år	27

303 Kontantinnskot	27
304 Tingsinnskot	27
305 Frådragsførde kostnader etter sats ved bruk av privatbil i næring	27
306 Prinsippendringar	27
307 Andre eigenkapitalkorrigeringsar	27

Generell informasjon

Føretak som ikkje har årsrekneskapsplikt etter rekneskapslova § 1-2 første ledd, men berre har bokføringsplikt etter bokføringslova § 2 andre ledd, skal i utgangspunktet levere Næringsoppgåve 1 (RF-1175). Føretak som ikkje har årsrekneskapsplikt etter rekneskapslova, men som frivillig utarbeider årsrekneskap oppgjort og vurdert i samsvar med føresegnene i rekneskapslova, kan likevel velje å bruke Næringsoppgåve 2 i staden for Næringsoppgåve 1. Føresetnaden for å kunne velje er at det blir utarbeidd eit fullstendig årsrekneskap etter reglane i rekneskapslova, inklusive noteopplysningar.

Kommunale/fylkeskommunale føretak som er ein del av kommunen/-fylkeskommunen som juridisk person, og som følgjer kommunale prinsipp ved utarbeidinga av årsrekneskap, skal i utgangspunktet levere Næringsoppgåve 1. Dersom desse føretaka frivillig utarbeider årsrekneskap som er oppgjort og vurdert etter føresegnene i rekneskapslova, kan det i staden velje å levere Næringsoppgåve 2.

Der det er vist til forskjellsskjema i rettleiinga, gjelder dette RF-1217 Forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar .

Realisasjonsprinsippet er hovudregel for tidfesting av inntekter og kostnader, jf. skattelova § 14-2. Realisasjonsprinsippet gjer at inntekter skal skattleggast når skattytar får ein vilkårslaus rett til ytinga. Kostnader kjem til frådrag når det oppstår ei vilkårslaus plikt til å dekke eller innfri kostnaden. Det er tatt inn ei presisering i skattelova § 14 2 andre ledd andre punktum om at ein ikkje kan trekka frå kostnader knytt til plikt til å utføre, unnlate eller tåle noko i framtida, før tidspunktet for å utføre, unnlate eller tåle noko er komme. Reglane i § 14-4 andre og tredje ledd gjelder berre for dei som er årsrekneskapspliktige, og ikkje for dei som brukar Næringsoppgåve 2 frivillig.

Om bedrifta

Næring

Type verksemd

Gi ei så nøyaktig beskriving som mogleg av den verksemda som blir utført. Eksempel på beskriving av næringsveg er:

- produksjon av ...
- agenturhandel med ...
- engroshandel med ...
- butikkhandel med ...
- torghandel med ...

Utanlandske verksemdar gir opp den verksemda dei driv i Noreg.

Talet på årsverk i rekneskapsåret

Her førar ein opp talet årsverk i rekneskapsåret. Dette inneber at det får noko å seie om ein person arbeider heiltid eller deltid. Feks. blir to 50%-stillingar rekna som eitt årsverk.

Har føretaket årsrekneskapsplikt etter rekneskapslova?

Føretak som frivillig utarbeider årsrekneskap som nyttar næringsoppgåve 2 i staden for næringsoppgåve 1 skal angi dette.

Er det brukt ein annan bokføringsvaluta enn norske kroner, jf. bokføringsforskrifta § 4-2?

Dersom det bokførast i funksjonell valuta (valuta som selskapet si økonomiske verksemd i hovudsak er knytt til) som er ein annan enn norske kroner, skal ein gi opp kva for ein valuta som er brukt. Her reknar ein også med rekneskapar for filialar som er ført i anna valuta.

Rekneskapsperiode

Her blir starttidspunkt og sluttidspunkt (dato) for rekneskapsperioden oppgjeve, vanlegvis 01.01.2024 til 31.12.2024 (andre tidspunkt kan vere aktuelle ved til dømes oppstart eller avvikling av verksemda i løpet av året). Datoen blir oppgjeven med seks siffer, som i dømet ovanfor. Dersom verksemda har eit avvikande rekneskapsår, blir den rekneskapsperioden som blir nytta oppgjeven, til dømes 01.06.2023 til 31.05.2024.

Varelager

Spesifikasjon

Skattemessig verdi av behaldning av varer skal setjast til kjøpsverdi. For varer som er tilverka i verksemda, skal skattemessig verdi av behaldninga setjast til tilverkingsverdi. Til tilverkingsverdi reknar ein direkte produksjonskostnader som råstoff, halvfabrikata, hjelpestoff (brensel, smørjing, produksjonsstraum mm.) og produksjonsløn. Prosjekt som er oppførte for eiga rekning med sikte på sal, skal verdsetjast til tilverkingsverdi. Det er i forskrift gitt adgang for bokforlag og bokhandlarar til på visse vilkår å fråvike tilverkings- og kjøpsverdi ved verdsetjinga av lageret av bøker, jf. § 14-15-1 i Finansdepartementets forskrift av 19. november 1999 nr. 1158. Verdien av varelageret skal førast i postane 0110 - 0140. Varelager skal skattemessig vurderast etter FIFU-prinsippet dersom ein ikkje kan individualisere varene. Postane 0150 og 0160 skal berre nyttast av skattytarar som driv jordbruk, sjå eiga rettleiing RF-1178.

Bruttoforteneste på innkjøpte varar for vidareasal

Spesifikasjon

Formålet med spesifikasjonen er å kome fram til den oppnådde bruttofortenesta (post 0250) på omsetninga av handelsvarer. I post 0230 førar ein sum avgiftspliktig og avgiftsfritt varesal, mens forbruk av innkjøpte handelsvarer (varekostnad) skal førast i post 0240.

Årets anskaffingar og sal av ikkje-avskrivbare driftsmiddel

I postane 0510-0540 skal det førast opp kjøp i løpet av rekneskapsperioden til kjøpskost, og sal og uttak av driftsmidlar i løpet av perioden til salssum. Avskrivbare driftsmidlar som er ført i RF-1084 Avskrivning eller RF-1152 Særskilde driftsmiddel i kraftverk - avskringar og påkostingar, skal ikkje takast med her.

I kolona for kjøp skal reknast med driftsmiddel som er aktivert i året (balanseførd i postane 1000, 1150 og 1160), inkludert kjøp av nye og brukte driftsmiddel, påkostingar på eksisterande driftsmiddel, anlegg under utføring og eigne investeringsarbeider. Driftsmiddel som er kostnadsført (se post 6500) skal ikkje førast opp her. I kolona for sal skal det berre førast opp driftsmiddel som er selde i året. Driftsmidlar som er avhenda vederlagsfritt eller er utrangert i perioden skal ikkje førast opp. Som kjøp/sal av driftsmiddel reknast ikkje tilgang/avgang som følgjer av fusjon eller fisjon av føretak, og ikkje endring i utsett skattefordel.

Driftsinntekter, resultatrekneskap

Generelt om resultatrekneskap og balanse

Resultatrekneskapen og balansen byggjer i det vesentlege på rekneskapslova av 17. juli 1998. Nummereringa har teke utgangspunkt i Norsk Standard, NS 4102. Tala frå året før skal vere i samsvar med samanlikningstala i årsrekneskapen, jf. rekneskapslova § 6-6.

3000 Salsinntekt og uttak, avgiftspliktig

Her fører ein inntekt av sal/uttak av avgiftspliktige varer og tenester i perioden. Frakter og spesielle offentlege avgifter skal medreknast, medan rabattar, returar o.l. skal vere trekte frå. Salet førast eksklusiv meirverdiavgift, og interne transaksjonar mellom avdelingane i føretaket skal ikkje takast med.

3100 Salsinntekt og uttak avgiftsfri

Her fører ein inntekta sal/uttak av avgiftsfrie varer og tenester i perioden. Frakter og spesielle offentlege avgifter skal vere med, mens rabattar, returar o.l. skal vere trekte frå.

3200 Salsinntekt og uttak utanfor meirverdiavgiftslova

Her fører ein inntekta av sal/uttak av varer/tenester som fell utanfor meirverdiavgiftslova. Posten skal vere inkludert andre spesielle offentlege avgifter, men rabattar, returar o.l. skal vere trekte frå.

3300 Spesielle offentlege avgifter i samband med sal

Denne posten omfattar alle dei spesielle offentlege avgiftene/særagiftene som er inkludert i postane 3000, 3100 og 3200. Her fører ein m.a. produktavgift, tobakksavgift, sukkeravgift, bensinavgift og eingongsavgift på bilar. Posten skal trekkjast frå driftsinntektene.

3400 Offentleg tilskott/refusjon

Her fører ein tilskott/refusjonar som verksemda mottek frå det offentlege, som til dømes refusjonar til lege, tannlege, fysioterapeut m.m. for behandling.

I fiske fører ein offentlege tilskott i samband med fisket som ikkje går inn i fangstavrekningane, og som ikkje er teke med i postane 3100 - 3200. Dette kan til dømes gjelde egne tilskott.

3500 Endring i ikkje-opptent inntekt

For at ei inntekt skal førast i rekneskapen med resultatverknad, må ho vere opptent. I praksis må vara eller tenesta vere levert for å kunne reknast for opptent. I ein del tilfelle vil delar av ein transaksjon ikkje vere opptent pga. at levering ikkje har skjedd. For eksempel kan ein del av salssummen for ein bil som blir seld med fri service i 3 år, reknast som levering av ei serviceteneste som ikkje blir levert før på eit seinare tidspunkt. Inntekta må dermed reduserast med den delen som gjeld framtidige serviceleveransar (ikkje-opptent inntekt). Slik ikkje-opptent inntekt blir rekna som gjeld (langsiktig eller kortsiktig) og skal balanseførast i post 2160 eller 2970 i balansen. Post 3500 er ein tidfestingspost og korrigerer inntekta med ikkje-opptent inntekt for inntektsåret (negativt beløp) og tidlegare års ikkje-opptente inntekt som skal inntektsførast i år (positivt beløp). Det er forskjell i tidfestingsreglane rekneskapsmessig og skattemessig. For å rekne ut korrekt skattemessig resultat skal ein korrigere for tidfestingsskilnadene i forskjellsskjema (RF-1217) post 53.

3600 Leigeinntekt fast eigedom

Her fører ein leigeinntekt for utleige fast eigedom og verdi av eigen bruk av fast eigedom (bustad, forretningseigedom m.m.).

3850 Verdiendringar investeringseigedommar

Føretak som bruker IFRS, skal her føre verdiendringar på investeringseigedommar frå det siste året. Verdiminkingar fører ein med minusteikn.

3870 Verdiendringar biologiske eigedelar

Føretak som bruker IFRS, skal føre verdiendringar på biologiske eigedelar frå det siste året, f. eks. skog og oppdrettsfisk her. Verdiminkingar fører ein med minusteikn.

3880 Gevinst ved avgang av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar

Gevinst ved avgang av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar reknast normalt som driftsinntekter. Det er den rekneskapsmessige gevinsten som ein skal føre her. Sjå også post 7880.

3885 Gevinst ved avgang av finansielle anleggsmidlar

Her skal ein føre gevinst ved avgang av finansielle anleggsmidlar dersom gevinsten reknast som driftsinntekt. Sjå også post 7885.

3900 Anna driftsrelatert inntekt

Her fører ein andre driftsinntekter som ikkje er tekne med under postane over, som f.eks. royalties, lisensinntekter o.l.

For næringsdrivande medlemmar i samvirkeføretak er etterbetaling, bonus (kjøpsutbytte, avrekning på pris m.m.) normalt skattepliktig næringsinntekt når grunnlaget for bonusutbetalinga/handelen med samvirkeføretaket har samband med medlemmen si næringsverksemd.

Driftskostnader, resultatrekneskap

4005 Varekostnad

For handelsbedrifter omfattar denne posten selde varers inntakskost (post 0240) for omsetninga som er medteken i postane 3000, 3100 og 3200. Endringa av lageret av råvarer, innkjøpte halvfabrikata og innkjøpte varer for vidaresal skal vere inkluderte i denne posten.

Rekneskapsmessig nedskriving for ukurants og prisfallsrisiko skal takast med her. Korreksjonar for dei skattemessige verdiane kjem fram i forskjellsskjemaet i postane 31 - 33.

4295 Behaldningsendring av varer under tilverking og ferdig tilverka varer

Her fører ein dei rekneskapsmessige endringane i behaldningane på varer under tilverking og ferdig eigentilverka varer. Ein behaldningsnedgang aukar driftskostnadene, mens ein behaldningsauke reduserer driftskostnadene (talet skal då førast med minusteikn framfor beløpet). Korrigeringar for skattemessige forhold kjem fram i forskjellsskjemaet i postane 31 - 33.

5000 Lønn, feriepengar m.m.

I denne posten fører ein alle former for lønn i tenesteforhold og godtgjering til styre-, representantskaps- og bedriftsforsamlingsmedlemmer. Beløpet som skal førast her, er både opplysningspliktig til a-ordninga og arbeidsgivaravgiftspliktig. Hyre skal førast her, men hyre til aktiv fisker er likevel ikkje arbeidsgivaravgiftspliktig. Her fører ein premie for individuell livrenteforsikring og kapitalforsikring med arbeidstakar som tilgodesedd. Premie i kollektive livrenteordningar kan handsamast som frådragsgodkjende lønnskostnader og nførast her. Når premie i kollektive livrenteordningar ikkje blir handsama som lønn, skal han førast i post 5900. Her fører ein også aksjebasert vederlag til tilsette, jf. rekneskapslova § 5-9 bokstav a. Vederlaget skal avstemmast som ein permanent forskjell på i post 0640. Dersom heile/delar av vederlaget vil gi skattemessig frådrag, handsamar ein dette som ein mellombels forskjell under post 82 i forskjellsskjemaet.

5300 Anna opplysningspliktig godtgjering

Her fører ein mellom anna utbetaling av lott i fiske og fangst.

5420 Opplysningspliktig pensjonskostnad

Her fører ein kostnader til pensjonsutbetalningar.

5600 Arbeidsgodtgjering til eigarar i ANS m.m.

Her fører ein godtgjering til deltakar i deltakarlikna selskap etter selskapslova § 2-26 første ledd, og arbeidsgodtgjering som blir utbetalt ved skeivdeling av overskott. Mannslott til deltakar i deltakarlikna selskap skal takast med her. Beløpet skal omfatte dekt premie ved tariffesta pakkeforsikring.

5900 Annan personalkostnad

Her fører ein personalgåver, kostnader til fri kantine, kurs, bedriftshytte, tenestebustader, bedriftsidrettslag o.l. Innbetalt premie etter lov om yrkesskadeforsikring skal også førast her. Meirpremie for sjuke- og ulykkesforsikring utover lovpålagt yrkesskadeforsikring skal derimot, når arbeidstakaren er begunstiga, behandlast som løn og førast i post 5000.

Her fører ein og kostnad til pensjonar som ikkje er meldepliktige.

Korreksjonar for forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige pensjonskostnader kjem fram i skjemaet RF-1217 Forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, sjå postane 72 - 74. Eingongspremie til forsikringsselskap til avløyning av løpande aktuelle pensjonsforpliktingar til tidlegare tilsett er det frådragsrett for.

6000 Avskrivning på varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

Her fører ein ordinære rekneskapsmessige avskrivningar etter reglane i rekneskapslova. Korrigeringar for skattemessige forhold kjem fram i skjemaet RF-1217 Forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar postane 1-3.

6050 Nedskrivning på varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

Her fører ein nedskrivningar på anleggsmiddel når den verkelege verdien er lågare enn den rekneskapsmessige verdien, og når dette ikkje kjem av årsaker av forbigåande art, jf. rekneskapslova § 5-3 andre ledd. Korrigeringar for skattemessige forhold kjem fram i RF-1217 Forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, postane 1 - 3.

6695 Reparasjon og anna vedlikehald

Her fører ein kostnader til reparasjon og vedlikehald på eigedelar som blir brukte i verksemda.

6995 Elektronisk kommunikasjon, porto m.m.

Er ikkje den private fordelen for kostnader til elektronisk kommunikasjon redusert via privatkonto, tilbakefører ein den private fordelen i post 0640.

7000 Drivstoff transportmiddel

I postane 7000, 7020 og 7040 fører ein alle kostnader i samband med personbilar, varebilar og lastebilar. Dei som driv drosje- og lastebilnæring skal leggje ved RF-1223 Tilleggsskjema for drosje og lastebilnæring. Om kven som skal levere skjemaet RF-1125 Opplysningar om bruk av bil, sjå rettleiinga til dette skjemaet. Rekneskapsmessige avskrivningar skal førast i post 6000. Bompengar, parkeringsutgifter, ferjebillettar m.m. skal førast på post 7155 eller 7165 som ein reisekostnad.

7020 Vedlikehald m.m. transportmiddel

I postane 7000, 7020 og 7040 fører ein alle kostnader i samband med personbilar, varebilar og lastebilar. Dei som driv drosje- og lastebilnæring skal leggje ved RF-1223 Tilleggsskjema for drosje og lastebilnæring. Om kven som skal levere skjemaet RF-1125 Opplysningar om bruk av bil, sjå rettleiinga til dette skjemaet. Rekneskapsmessige avskrivingar skal førast i post 6000. Bompengar, parkeringsutgifter, ferjebillettar m.m. skal førast på post 7155 eller 7165 som ein reisekostnad.

7040 Forsikring og avgifter på transportmiddel

I postane 7000, 7020 og 7040 fører ein alle kostnader i samband med personbilar, varebilar og lastebilar. Dei som driv drosje- og lastebilnæring skal leggje ved RF-1223 Tilleggsskjema for drosje og lastebilnæring. Om kven som skal levere skjemaet RF-1125 Opplysningar om bruk av bil, sjå rettleiinga til dette skjemaet. Rekneskapsmessige avskrivingar skal førast i post 6000. Bompengar, parkeringsutgifter, ferjebillettar m.m. skal førast på post 7155 eller 7165 som ein reisekostnad.

7080 Bilkostnader, bruk av privat bil i næring

Dersom det ligg føre nøyaktig registrert bilbruk i næring, kan ein sjølvstendig næringsdrivande i eit enkeltpersonføretak krevje frådrag for bruk av privatbil i verksemda etter sats per km., sjå takseringsreglane på www.skatteetaten.no.

Frådrag etter sats kan berre krevjast for inntil 6 000 km. Det er i desse tilfella i utgangspunktet ikkje plikt til å levere bilskjema. Ansvarleg selskap m.m. kan ikkje bruke denne posten.

Utbetaling av godtgjering til ein deltakar for bruk av eigen bil i verksemda skal førast som leigeutgift, post 6400.

7099 Privat bruk av næringsbil

Her fører ein tilbake fordel ved privat bruk av næringsbil dersom fordelene har avkorta driftskostnadene som er ført i rekneskapen.

I andre høve fører ein fordelene i post 0678 på næringsoppgåva.

For utrekning av fordel ved privat bruk, sjå RF-1125 Opplysningar om bruk av bil.

7155 Reise-/diett og bilgodtgjersle (opplysningspliktig)

Her fører ein alle kostnader som bedrifta har til reise, diett og bilgodtgjersle som er opplysningspliktig til a-ordninga. Ikkje opplysningspliktige reisekostnader fører ein i post 7165.

7490 Kontingentar

Kontingentar førast her. Kontingentar som ikkje gjev rett til frådrag, skal leggjast til næringsinntekta i post 0611.

7500 Forsikringspremie

Her fører ein forsikringskostnader som bedrifta har, med unntak av bilforsikringar, som skal førast i post 7040. Forsikring av båt og reiskap må korrigjerast for eventuell refundert forsikringspremie pga. landligge mv. Her fører ein også premie for pakkeforsikring.

7565 Garanti- og servicekostnad

Her fører ein kostnader i samband med service- og garantiytingar. Avsetningar som ikkje kjem til frådrag skattemessig skal korrigjerast i skjemaet RF-1217 Forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar post 54.

7600 Lisens, patentkostnad og royalty

Her fører ein kostnader til patentar, lisensar og royalties i samband med eigen produksjon/eige sal.

7700 Annan kostnad

Her fører ein driftskostnader som ein ikkje fører i dei andre postane.

7830 Tap på fordringar

Her fører ein rekneskapsmessig tap på fordringar.

Korreksjonar for skattemessige forhold kjem fram i skjemaet RF-1217 Forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, postane 41-44. Fordring på nærstående selskap gjev normalt ikkje rett til tapsfrådrag ved likninga. Har føretaket resultatført ei nedskriving av ein slik fordring, må ein tilbakeføre nedskrivinga i post 0640. Er ein del av den tidlegare nedskrivinga inntektsført i resultatet, må ein i post 0840 tilbakeføre det som er inntektsført. Er det i resultatet kostnadsført konstatert tap på fordring som ikkje er frådragsgodkjend, tilbakefører ein tapet i post 0640.

7880 Tap ved avgang av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar

Tap ved avgang av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar reknast normalt som ein driftskostnad. Det er det rekneskapsmessige tapet som ein skal føre her. Sjå også post 3880.

7885 Tap ved avgang av finansielle anleggsmidler

Her skal ein føre tap ved avgang av finansielle anleggsmidler, dersom tapet reknast som driftskostnad. Sjå også post 3885.

Finanspostar, resultatrekneskap

Finansinntekter

8005 Netto positiv resultatsdel i samband med invest. i DS, TS og FKV

For verksemdar som har investeringar i dotterselskap, tilknytt selskap eller felleskontrollert verksemd, skal resultatdel/ utbytte resultatførast i post 8005/8006 uavhengig av om ein bruker eigenkapitalmetoden eller kostmetoden. Ved bruk av eigenkapitalmetoden, sjå post 1312 - 1332. Dersom selskapet har resultatdelar frå fleire selskap, er det summen av resultatdelane som skal førast. Post 8005/8006 er ikkje ein skattemessig resultatpost og skal tilbakeførast i post 0630 kolonne I ved netto negativt resultat og post 0830 kolonne II ved netto positivt resultat.

Ved bruk av bruttometoden fører ein inntekter og kostnader på dei respektive resultatpostane.

8060 Valutavinst (agio)

Her fører ein gevinst på fordringar og gjeld i utanlandsk valuta. Forskjellen mellom skattemessige og rekneskapsmessige gevinstar og tap på langsiktige fordringar og gjeld i utanlandsk valuta kjem fram i RF-1217 postane 11 - 13.

Her fører ein også omrekningsdifferansar som oppstår ved omrekning frå funksjonell valuta til NOK når slike differansar ikkje er ført direkte mot eigenkapitalen, sjå rettleinga til postane 0679/0879.

8074 Gevinst ved realisasjon av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandeler

Gevinsten tilbakeførast i post 0833.

8079 Annan finansinntekt

Her fører ein blant anna gevinst ved realisasjon av andre verdipapir, mellom anna obligasjonar/mengdegjeldsbrev, finansielle opsjonar og avkastning på sparedelen av livsforsikring. Gevinst ved realisasjon av andre verdipapir tilbakeførast i post 0833.

8080 Verdiauke av finansielle instrument vurdert til verkeleg verdi

Her fører ein resultatverknaden av endringa i verkeleg verdi. Skattemessig blir det ikkje teke omsyn til urealiserte gevinstar/tap ved slike verdiendringar. Posten skal derfor tilbakeførast i post 0831 eller i forskjellsskjema post 50, sjå rettleiinga til post 0831.

8090 Inntekt av andre investeringar/utbytte

Her førast utbytte som ikkje er ført i postane 8005 og/eller 8006.

Inntekta i post 8090 tilbakefører ein i post 0815.

Næringsdrivande medlem/partseigar skal normalt handsome etterbetaling, bonus m.m. frå samvirkeføretaket som skattepliktig næringsinntekt når grunnlaget for utbetalinga er den næringsdrivande sin handel med samvirkeføretaket og det er knytt til næringsverksemda, sjå post 3900.

Finanskostnader

8100 Verdired. av finansielle instrumenter vurdert til verkeleg verdi

Her fører ein resultatverknaden av endringa i verkeleg verdi. Skattemessig blir det ikkje teke omsyn til urealiserte gevinstar/tap ved slike verdiendringar. Posten skal derfor tilbakeførast i post 0631 eller i forskjellsskjema post 50, sjå rettleiinga til post 0631.

8115 Nedskriving av finansielle egedelar

Her førast nedskriving på finansielle omløps- og anleggsmiddel som vurderast etter reglane i rekneskapslova § 5-2 og § 5-3. I denne poster reverserer ein og tidlegare nedskriving med negativt forteikn. I postane 0632 og 0832 tilbakefører ein beløpet.

8160 Valutatap (disagio)

Her fører ein tap på fordringar og gjeld i utanlandsk valuta. Forskjellen mellom skattemessige og rekneskapsmessige tap på langsiktige fordringar og gjeld kjem fram i skjemaet Spesifikasjon av forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, postane 11-13.

Her fører ein også omrekningsdifferansar som oppstår ved omrekning frå funksjonell valuta til NOK når slike differansar ikkje er ført direkte mot eigenkapitalen, sjå rettleiinga til postane 0679/0879.

8174 Tap ved realisasjon av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandeler

Tapet tilbakeførst i post 0633.

8179 Annan finanskostnad

Her førast blant anna tap ved realisasjon av andre verdipapir, mellom anna obligasjonar/mengdegjeldsbrev, finansielle opsjonar og avkastning på sparedelen av livsforsikring. Tap ved realisasjon av andre verdipapir tilbakeførast i post 0633.

Finanspostar, resultatrekneskap

Årsresultat

8300 Betalbar skatt

Her fører ein forventa skatt i år korrigert med for mykje eller for lite avsett skatt frå førre år.

8320 Endring utsett skatt/skattefordel

Postane 8320 og 8620. Her fører ein endring dette året i utsett skatt/ skattefordel som knyter seg til skatt på dei høvesvis ordinære og ekstraordinære inntekts- og kostnadsposter der den rekneskapsmessige tidfestinga avvik frå den skattemessige, jf. postane 1070 Utsett skattefordel og 2120 Utsett skatt. Auke i utsett skatt skal førast utan forteikn, nedgang i utsett skatt førast med negativt forteikn. Auke i utsett skattefordel førast med negativt forteikn, nedgang i utsett skattefordel førast utan forteikn.

8400 Ekstraordinær inntekt

Her fører små føretak korrigeringar av feil og verknaden av prinsipp- og estimatendringar. Sjå Norsk Regnskapsstandard 8 Små føretak punkt 7.3.

8500 Ekstraordinær kostnad

Her fører små føretak korrigeringar av feil og verknaden av prinsipp- og estimatendringar. Sjå Norsk Regnskapsstandard 8 Små føretak punkt 7.3.

8600 Betalbar skatt

Her fører ein forventa skatt i år korrigert med for mykje eller for lite avsett skatt frå førre år.

8620 Endring utsett skatt/skattefordel

Postane 8320 og 8620. Her fører ein endring dette året i utsett skatt/skattefordel som knyter seg til skatt på inntekts- og kostnadsposter der den rekneskapsmessige tidfestinga avvik frå den

skattemessige, jf. postane 1070 Utsett skattefordel og 2120 Utsett skatt. Auke i utsett skatt førast utan fortegn, nedgang i utsett skatt førast med negativt fortegn. Auke i utsett skattefordel skal førast med negativt forteikn, nedgang i utsett skattefordel skal førast utan forteikn.

8910 Andre resultatkomponentar for IFRS-føretak

Her fører ein beløpet frå RF-1269, Tilleggsskjema for føretak som brukar IFRS eller forenkla IFRS, post 8910.

9200 Årsresultat/Totalresultat

For føretak som brukar IFRS syner posten totalresultat.

Anleggsmidlar, balanse

I samsvar med rekneskapslova § 6-2 er eigedelane delt inn i anleggsmidlar og omløpsmidlar. Med anleggsmidlar meiner ein eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for verksemda. Andre eigedelar er omløpsmidlar,

1000 Forsking og utvikling

Her fører ein kostnader til forskning og utvikling som rekneskapsmessig er aktiverte.

1070 Utsett skattefordel

For utrekning av utsett skattefordel/utsett skatt, sjå Foreløpig Norsk Regnskapsstandard Resultatskatt.

1080 Goodwill

Saldogruppe b

Her fører ein forskjellen mellom kjøpskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi på identifiserbare eigedelar og gjeld som det er mogleg å identifisere i verksemda jf. rekneskapslova § 5-7.

1120 Fast teknisk installasjon i bygningar

Saldogruppe j

Her fører ein fast teknisk installasjon i bygningar.

Fast teknisk utstyr som er integrert i bygningar og som tener bygningane sin generelle bruk som bygning, avskriv ein på saldogruppe j med ein samlesaldo for kvar bygning.

Saldogruppe j omfattar fast teknisk installasjon i bygningar, medrekna varmeanlegg, kjøle- og fryseanlegg, elektrisk anlegg, sanitæranlegg, heisanlegg og liknande, jf. skattelova §14-41 første ledd bokstav j.

Saldogruppe j omfattar ikkje faste tekniske installasjonar som er sjølvstendige anlegg eller installasjonar som er integrert i anlegg. Til dømes må tekniske installasjonar i eit reiningsanlegg som består som eigen lokalitet, avskriv ein i saldogruppa for anlegg (saldogruppe h).

Driftsmiddel som er installert i bygning hovudsakleg av omsyn til produksjon av varar og tenester, skal ein normalt ikkje rekne som faste tekniske installasjonar i bygg. Slike installasjonar må ein i staden anten føre i saldoen for bygget, rekne som sjølvstendig anlegg eller som maskinar.

1180 Investeringsseigedommar

Føretak som bruker IFRS skal føre marknadsv verdien på investeringseigedommar her, jf. IFRS 40. Verdiendringar dette året skal førast i post 3850.

1290 Andre driftsmiddel

Her førast mellom anna driftsmiddel i vindkraftverk som er skaffa etter 1. januar 2024. Slike driftsmiddel skal etter skattereglane avskrivas lineært, med like store beløp over fem år.

1312 Investerings i deltakarlikna dotter- og konsernselskap

Her fører ein verdien av investeringar i dotterselskap, konsernselskap og tilknytte selskap. Verdien på investeringa kan vurderast etter eigenkapitalmetoden eller etter generelle vurderingsreglar jf. regnskapsloven § 5-17. Ved bruk av eigenkapitalmetoden skal investering vurderast til parten av eigenkapital korrigert for årsresultatet i dotterselskap, konsernselskap eller tilknytte selskap. Positiv forskjell mellom verdi etter eigenkapitalmetoden og nyskaffingskost kjem fram som fond for vurderingsforskjellar jf. post 2041 og 2042.

1313 Investerings i andre dotter- og konsernselskap

Her fører ein verdien av investeringar i dotterselskap, konsernselskap og tilknytte selskap. Verdien på investeringa kan vurderast etter eigenkapitalmetoden eller etter generelle vurderingsreglar (nyskaffingskost) jf. regnskapsloven § 5-17. Ved bruk av eigenkapitalmetoden skal investering vurderast til parten av eigenkapital korrigert for årets resultat i dotterselskap, konsernselskap eller tilknytte selskap. Positiv forskjell mellom verdi etter eigenkapitalmetoden og nyskaffingskost kjem fram som fond for vurderingsforskjellar jf. post 2041 og 2042.

1331 Investeringar i deltakarlikna tilknytte selskap

Her fører ein verdien av investeringar i dotterselskap, konsernselskap og tilknytte selskap. Verdien på investeringa kan vurderast etter eigenkapitalmetoden eller etter generelle vurderingsreglar (nyskaffingskost) jf. regnskapsloven § 5-17. Ved bruk av eigenkapitalmetoden skal investering vurderast til parten av eigenkapital korrigert for årets resultat i dotterselskap, konsernselskap eller tilknytte selskap. Positiv forskjell mellom verdi etter eigenkapitalmetoden og nyskaffingskost kjem fram som fond for vurderingsforskjellar jf. post 2041 og 2042.

1332 Investeringar i andre tilknytte selskap

Her fører ein verdien av investeringar i dotterselskap, konsernselskap og tilknytte selskap. Verdien på investeringa kan vurderast etter eigenkapitalmetoden eller etter generelle vurderingsreglar (nyskaffingskost) jf. regnskapsloven § 5-17. Ved bruk av eigenkapitalmetoden skal investering vurderast til parten av eigenkapital korrigert for årets resultat i dotterselskap, konsernselskap eller tilknytte selskap. Positiv forskjell mellom verdi etter eigenkapitalmetoden og nyskaffingskost kjem fram som fond for vurderingsforskjellar jf. post 2041 og 2042.

1395 Netto pensjonsmiddel

Her fører ein netto pensjonsmiddel og innskottsfond. Beløpet fører ein over til post 73 i forskjellsskjemaet.

Omløpsmidlar, balanse

I samsvar med regnskapsloven § 6-2 er eigedelane delt inn i anleggsmidlar og omløpsmidlar. Med anleggsmidlar meiner vi eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for verksemda. Andre eigedelar er omløpsmidlar.

1400 Varelager

Her fører ein verdien i samsvar med rekneskapslova § 5-2. Både skattemessig og rekneskapsmessige verdi av varelageret og spesifikasjon av varelageret førast i postane 0110-0140. Sjå elles rettleiinga til postane 4005 og 4295.

1490 Biologiske eigedelar

Føretak som nyttar IFRS, skal føre marknadsverdien på biologiske eigedelar som f.eks. skog og oppdrettsfisk her, jf. IFRS 41. Årets verdiendring skal førast i post 3870.

1500 Kundefordringar, eksklusive på selskap i same konsern

Her fører ein kundefordringar etter frådrag for forventta tap, eksklusive på selskap i same konsern.

1501 Kundefordringar på selskap i same konsern

Her fører ein kundefordringar etter frådrag for forventta tap på kundefordringar på selskap i same konsern.

1530 Opptent, ikkje fakturert driftsinntekt

Her fører ein verdien av opptente inntekter som enno ikkje er fakturert. Slik inntekt skal resultatførast i aktuell post i 3000-serien.

1810 Marknadsbaserte aksjar og verdipapirfondspartar

Her fører ein verdien av marknadsbaserte aksjar, obligasjonar, sertifikat m.m. som haldast som omløpsmiddel og som vurderast til verkeleg verdi.

Alle verdipapirfondsdelar som blir haldne som omløpsmidlar - både partar i obligasjonsfond, pengemarknadsfond, aksjefond og kombinasjonsfond skal førast under post 1810.

1830 Marknadsbaserte obligasjonar, sertifikat m.m.

Her fører ein verdien av marknadsbaserte aksjar, obligasjonar, sertifikat mv. som haldast som omløpsmiddel og som vurderast til verkeleg verdi.

Alle verdipapirfondspartar som blir haldne som omløpsmidlar - både partar i obligasjonsfond, pengemarknadsfond, aksjefond og kombinasjonsfond skal førast under post 1810.

1880 Andre finansielle instrument

Her fører ein andre omsettelege verdipapir (jf. lov om verdipapirhandel § 2-2) enn dei som er førte i postane 1810-1840, samt derivater.

Eigenkapital, balanse

Rekneskapslova kapittel 6 skil mellom innskoten og opptent eigenkapital. Ikkje skattlagd eigenkapital går ikkje fram av balansen. Utsett skatt visast i balansen, samtidig som endring i utsett skatt skal førast i resultatrekneskapen.

Innskoten egenkapital

2000 Aksjekapital/EK andre føretak

Aksjekapital, innskoten kapital i ANS og enkeltpersonføretak osv. skal førast i post 2000. Verksemdar som eig egne aksjar skal føre opp desse med eit negativt beløp til pålydande i post 2010. Overkurs skal førast i post 2020.

2010 Eigne aksjar (negativt beløp)

Verksemdar som eig egne aksjar skal føre opp desse med negativt beløp til pålydande her.

Opptent egenkapital

2043 Fond for vurderingsforskjellar

Verksemdar som vurderer dotterselskap og tilknytte selskap etter egenkapital-metoden, fører positiv forskjell mellom verdi etter egenkapitalmetoden og kjøpskost, sjå elles postane 1312, 1313, 1331, 1332 og 8005/8006.

2045 Fond for urealiserte gevinstar

Dersom selskapet vurderer egedelar til verkeleg verdi, skal det setje av ein positiv differanse mellom balanseført verdi av kvar enkelt egedel eller gruppe av egedelar og deira kjøpskost når ein tek omsyn til effekten av utsett skatt. Tilsvarande gjeld ved vurdering av gjeld til verkeleg verdi. Det er ikkje plikt til å avsetje til fondet for differansar som er knytte til vurderinga av finansielle instrument, pengepostar i utanlandsk valuta, balanseført forskning og utvikling, goodwill og netto utsett skattefordel.

2055 Avsett utbytte (jf. IFRS)

Her fører ein utbytte for selskap som utarbeidar årsrekneskap i samsvar med IFRS. Dette gjeld og for forventa utbytte som det berre er opplyst om i noter i rekneskapen.

Langsiktig gjeld, balanse

2130 Derivat

Her fører ein langsiktig gjeld i form av derivat jf. verdipapirhandellova § 2-2.

2160 Ikkje-opptent inntekt

Her fører ein verdien av inntekter som rekneskapsmessig enno ikkje er opptent. Sjå også post 3500.

2180 Avsetningar for forpliktingar

Her fører ein rekneskapsmessige avsetningar som ikkje er frådragsgodkjende skattemessig.

Kortsiktig gjeld, balanse

2330 Derivat

Her fører ein kortsiktig gjeld i form av derivat jf. verdipapirhandellova § 2-2.

2600 Skattetrekk og andre trekk

Her fører ein skatt trekt av lønnsutbetalingar til tilsette. Her fører ein også skyldig bidragstrekk m.m.

2800 Avsett utbytte

Her fører ein utbytte og årleg rente på eigenkapitalbevis som er føreslått, men enno ikkje vedteke av generalforsamlinga/forstandarskapet m.m. Selskap som utarbeidar årsrekneskap i samsvar med IFRS fører utbytte i post 2055.

2970 Ikkje-opptent inntekt

Her fører ein verdien av inntekter som rekneskapsmessig enno ikkje er opptent. Sjå også post 3500.

2980 Avsetningar for forpliktingar

Her fører ein rekneskapsmessige avsetningar som ikkje er frådragsgodkjende skattemessig.

Prinsippendringar og korrigeringar jf. post 100B

Sum endringar

Har selskapet endra rekneskapsprinsipp, fører du her summen av prinsippendringane som er førte direkte mot eigenkapitalkontoen. Det er netto prinsippendringar etter frådrag for utsett skatt/utsett skattefordel som du fører her. Selskap som følgjar rekneskapslova, skal spesifisere beløpet i tabellen for Prinsippendringar og korrigeringar.

Avstemming av eigenkapital

100B Prinsippendringar og korrigeringar

Har selskapet endra rekneskapsprinsipp, fører du her summen av prinsippendringar som er førte direkte mot eigenkapitalkontoen. Det er netto prinsippendringar etter frådrag for utsett skatt/utsett skattefordel som du fører her. Selskap som følgjer rekneskapslova skal spesifisere beløpet i tabell Prinsippendringar og korrigeringar.

102A Avsett utbytte for 2024 for føretak som brukar norsk rekneskapslovgjeving, eller forventa utbytte oppgjeve i notane i årsrekneskapen for 2023 som vart utdelt i 2024 for IFRS-føretak

Føretak som brukar norsk rekneskapslovgjeving når det utarbeidar årsrekneskapen, finn avsett utbytte i RF-1167 post 2800 venstre kolonne. IFRS-føretak finn forventa utbytte i RF-1167 post 2055 høgre kolonne. For samvirkeføretak skal renter på eigenkapitalbevis og kjøpeutbyte førast her.

103 Motteke konsernbidrag

Her fører ein motteke konsernbidrag som er ført mot eigenkapitalen.

104 Ytt konsernbidrag

Her fører ein konsernbidrag som er ytt og som er ført mot eigenkapitalen.

106 Tingsinnskot

Her fører ein verdien på tingsinnskot. Ved stifting av selskap eller auking av aksjekapitalen i selskap, er det verdien på gjenstanden som skal førast opp her. Ved omdanning frå

enkeltpersonføretak/deltakarlikna selskap skal den samla verdien på innskotet førast opp her. Ved innfusjonering av selskap er det den samla rekneskapsmessige endringa av selskapet sin eigenkapital som følgje av fusjonen som skal førast her.

107 Nedsetjing av aksjekapital og utdeling av overkurs – kontantar

Her fører ein beløpet som blir utbetalt til aksjonærane ved nedsetjing av aksjekapitalen og utdeling av overkurs. Er nedsetjingsbeløpet brukt til å dekkje tap, skal det førast 0 i beløpsfeltet. Ved utfisjonering av selskap, er det den samla rekneskapsmessige endringa av selskapet sin eigenkapital som følgje av utfisjoneringa som skal førast opp som beløp i posten for nedsetjing. Dersom selskapet eig egne aksjar og dei vert sletta, skal det ikkje førast opp noko beløp her.

110 Gjeldsettergjeving

Dersom sjukepengar frå folketrygda er inntektsførte i rekneskapen, skal beløpet førast tilbake i post 0865.

111 Kjøp av egne aksjar

Her fører ein beløpet som selskapet har betalt ved kjøp av egne aksjar i inntektsåret.

112 Sal av egne aksjar

Ved sal av egne aksjar i inntektsåret, skal salssummen førast opp her under føresetnad av at salet er gjennomført som ein eigenkapitaltransaksjon. Dersom egne aksjer vert sletta (amortiserte), skal det ikkje førast opp noko beløp her.

114 Gjeld konvertert til aksjekapital

er skal ein føra auke i aksjekapitalen som skuldast konvertering av gjeld.

115 Skilnaden mellom avsett/forventa utbytte ved årsoppgjeret i 2023 og utdelt utbytte i 2024

For dei føretaka som nyttar IFRS, er dette skilnaden mellom utbytte oppgjeve i notane i årsrekneskapen for 2023 (RF-1167 post 2055 høgre kolonne) og utdelt utbytte i 2024. Ved vurderinga av kva som er vedteke som utdelt utbytte, skal utbyteomgrepet i skatteretten leggjast til grunn. Som utbytte blir òg utbetaling av tidlegare fondsemittert aksjekapital rekna.

116 Andre endringar

Her fører du eventuelle andre endringar i eigenkapitalen som du ikkje kan føre i nokon av postane nemnde ovanfor, til dømes gåver som ikkje er kostnadsførte.

Dekker selskapet sjølv utgiftene til å stifte, fører ein desse med negativt forteikn.

Her fører ein også omrekningsdifferansar som oppstår ved omrekning frå funksjonell valuta til NOK når slike differansar er ført direkte mot eigenkapitalen.

Andre opplysningar

207 Skattemessig innbetalt aksjekapital medrekna overkurs

Her skal ein føre aksjekapital inklusive overkurs som aksjeeigarane har nytteikna jf. Lov om skatt av formue § 10-11. Som innbetalt kapital reknast beløp som faktisk er innbetalt i form av kontantar og tingsinnskot. Ein reduserer ikkje innbetalt kapital med stiftingskostnader.

Nyemittert kapital skal ein ikkje føre som skattemessig innbetalt aksjekapital før aksjekapitalen er registrert i Føretaksregisteret. Tilbakebetaling av aksjekapital og overkurs til aksjeeigarane skal redusere innbetalt kapital. Post 207 utgjør sum skattemessig innbetalt aksjekapital, medrekna overkurs for alle aksjeeigarane. Post 207 vil vere i samsvar med summen av postane 5 og 6 i RF-1086 Aksjonærregisteroppgåva.

Spesifisering av privatkonto for enkeltpersonføretak og deltakerlikna selskap

Her skal det setjast opp ein nærare spesifikasjon av privatkontoen. Eigaren sine uttak og private kostnader som er førte i rekneskapen til verksemda, skal ein føre her. For deltakarlikna selskap er det summen av alle deltakarane sine privatkontoar som skal førast her.

Føretak som har gått over til å bli årsrekneskapspliktig i inntektsåret: Slike føretak vil ikkje ha nokon inngåande rekneskapsmessig eigenkapital. Eigenkapital per 31.12 siste året setjast til 0. Ved omarbeiding av balansen frå skattemessige verdiar til rekneskapsmessige verdiar, skal heile summen av den rekneskapsmessige eigenkapitalen førast i post 304 Tingsinnskot.

Enkeltpersonføretak og deltakerlikna selskap, avstemming av eigenkapital

300 Eigenkapital 31.12 førre år

Ved overgang frå næringsoppgåve 1 til næringsoppgåve 2 skal post 300 ikkje nyttast. Den rekneskapsmessige eigenkapital ved opparbeiding av balansen gir en opp i post 303 og/eller post 304.

303 Kontantinnskot

Her fører ein innskot av kontantar (post 303) frå eigaren/deltakarane som er ført direkte mot eigenkapitalen.

Spesielt for deltakarlikna selskap:

Ved omdanning frå enkeltpersonføretak til deltakarlikna selskap skal samla verdi på innskotet førast opp i posten for tingsinnskot.

304 Tingsinnskot

Her fører ein verdi på tingsinnskot (post 304) frå eigaren/deltakarane som er ført direkte mot eigenkapitalen.

Spesielt for deltakarlikna selskap:

Ved omdanning frå enkeltpersonføretak til deltakarlikna selskap skal samla verdi på innskotet førast opp i posten for tingsinnskot.

305 Frådragsførde kostnader etter sats ved bruk av privatbil i næring

Er det kostnadsført yrkesbruk av privat bil etter sats i næringsoppgåva post 7080, skal ein føre beløpet her.

306 Prinsippendringar

Dersom føretaket har endra rekneskapsprinsipp, skal summen av prinsippendringar som er førte direkte mot eigenkapitalen førast her.

307 Andre eigenkapitalkorrigeringar

Her skal ein føre andre eigenkapitalkorrigeringar som ein ikkje kan føre ovanfor. Som eksempel på andre eigenkapitalkorrigeringar kan nemnast; Dersom frådrag for heimekontor er kostnadsført etter standardbeløp i resultatrekneskapen, skal ein føre same beløpet her.